

Vestli IL Volleyball

Gruppeårsmøte 16/4-2015.

Sakliste

1. Årsrapport
2. Regnskap 2014
3. Budsjett 2015
4. Innmeldte saker
5. Valg
6. Evt.

Årsrapport frå Styret i volleyballgruppa 2014.

Styret i volleyballgruppa har bestått av;

Frode Walde (nestleder), Caroline Bremer, Latif Sarshar, Stine Jensen og John Walstad (leder).

AU-utvalget har bestått av Leder og nestleder og har hatt ukentlige møter/samtaler.

Styret i volleyballgruppa har hatt eit konstituerende møte tidleg i haust. I tillegg har vi hatt planlegging og evalueringsmøter i samband med store prosjekt som volleyballgruppa er med på (bl.a. åpen hall onsdag og fredag).

Som ny gruppe i IL i 2014 har det vore viktig for Styret å få etablert ein god plattform for vidare drift av gruppa. Det gjeld såvel som ein sunn økonomi og ei god rekruttering på både senior og juniorsida.

Vi må sei oss fornøgd med aktivitetstilbudet vi har starta i 2014. Ved utgangen av året har Vestli IL Volley 3. seniorlag (herrelag i 3.-+ 4. divisjon og 1 damelag i 4. divisjon). I tillegg har vi Jenter U15 lag, Jenter U17 lag og eit lag med Gutter U15. I minivolleyball (dvs. U12) har vi deltatt med mellom 9 og 14 lag på Oslo Miniliga sine 4 turneringar hausten 2014.

På rekrutteringssida har vi gjennomført mange klassebesøk med minivolleyball på Stovner Skole. Vi har også fått vist oss fram på Vestlidagen på Jesperudjordet i september. Volleyball er også populært på Storbytreninga vår på onsdager for aldersgruppa 5-12 år og på fredager under Åpen hall for aldersgruppa 13-18 år.

- **Trenarar og instruktørar i volleyballgruppa sesongen 14/15 har vore:**
Henning Kjemperud Olsen, Marek Kabizcke, Hashmat Sadat, Frode Walde og John Walstad.
- **Anlegg:**
Volleyballgruppa har hatt treningstid i Stovner Idrettshall og på Stig Skole. I tillegg har vi gjennomført sandvolleyballskule på sandvolleyballanlegget ved Rommen Skole (august 2014).
- **Økonomi:**
Volleyballgruppa har ein sunn økonomi. Vi har mange dugnadsprosjekt og rekrutteringstiltak som gjer oss tilskudd frå ulike hold. Dette medfører i tillegg til utbetaling av lønn til trenarar ein del dugnadstimar for volleyballgruppa sine spelarar/ledarar. Med fleire aktive lag så vil det også verte fleire å dele arr. på. Stor takk til Ekspert.net v/Ivan og Jorunn for bistand i økonomiske spørsmål og rekneskapsføring.

Veien vidare:

Volleyballgruppa sitt mål framover er å fortsette sportsleg utvikling og å rekruttere fleire unge og nye spelarar. Å få på plass ei stabil gruppe med juniorspelarar for både jenter og gutter i aldersgruppa frå 13 til 19 år er viktig. I tillegg ønsker vi å intensivere rekrutteringstiltak mot skular og minivolleyballspelarar (aldersgruppa u12).

Vi ønsker å være ein idrett med tilbud til alle delar av befolkninga og satte hausten 2014 igang med planlegging av prosjekt for psykisk utviklingshemma, personer med nedsatt funksjonsevne og 60 pluss gruppa. Alle desse håper vi å realisere i 2015.04.16

Oppretting av utvalg og komitear i volleyballgruppa og å få rekruttert fleire inn i desse er ei viktig målsetting for volleyballgruppa i 2015.

Styret i volleyballgruppa/ Oslo 16/4-2015

John Walstad

Frode Walde

Caroline Bremer

Stine Jensen

Latif Bremer